



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Laingen, 71 25 85 27

Høyringsvar - budsjett og økonomiplan 2026-29

Statsforvaltaren gir høyringsvar på budsjett og økonomiplan 2026-29 til kommunar med negativt netto driftsresultat i 2024.

Det er betydeleg avstand mellom det de planlegg for i økonomiplanperioden og måla de har sett dykk. Ved utgangen av august 2025, hadde kommunen 22 mill. kroner i forventa meirforbruk. Med dette vil disposisjonsfondet vere på 11 mill. kroner ved årsslutt. Disposisjonsfondet utgjør i så fall godt under 1 prosent av kommunen sine brutto driftsinntekt, langt lågare enn vedtatte finansielle måltal på 5 prosent. Budsjettet legg opp til nær nullresultat på netto driftsresultat i heile planperioden, vesentleg under vedtatt måltal på 1,75 prosent. I 2026 er gjeldsgrad om lag som taket på finansielt måltal, men dette er planlagt å auke frå 102 prosent av brutto driftsinntekter i 2026 til rundt 140 prosent i 2029. Renter og avdrag vil med det utgjere ein stor og aukande finansieringspost for kommunen. Det gjer også at de vert sterkt påverka av rentenivå.

I handlings- og økonomiplanen beskriv de at talet på barn vil gå ned. Sjølv om utgiftene til oppvekstsektoren vert redusert, vil også inntektene minke. I åra som kjem må kommunen venteleg redusere ytterlegare på barnehage og grunnskole for å dreie midlane mot pleie og omsorgssektoren.

Det etablerte driftsnivået har vore høgare enn kommunen sitt inntektsnivå over år. Det er gjort grep for å snu situasjonen, men de er ikkje i mål med dette arbeidet. Med lite midlar på disposisjonsfond, vert det enno meir krevjande å skaffe rom til å gjere nødvendige endringar.

Summen av dette gjer at det vert svært viktig å halde stram kontroll på kommunen sin økonomi og sørge for tett oppfølging av driftsnivå innan alle sektorar.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar
Dokumentet er elektronisk godkjent

Maria Laingen
seniorrådgivar